

ONSDAG

15

DESEMBER

Suksessfilm

1939: Spillefilmen «Tatt av vinden» etter suksessromanen av Margaret Mitchell hadde premiere 15. desember 1939. I hovedrollene spilte Vivien Leigh, Clark Gable, Leslie Howard og Olivia de Havilland. Regien var ved Victor Fleming.

Slutt på korta

1944: Frå og med 15. desember 1944 vart det forbode å bruke papir og kartong til å lage prospektkort utan først å ha fått særleg løyve frå Quislings Næringsdeparterement.

Kongeleg bryllup

1960: Belgias kong Baudouin og den spanske markise Fabiola Fernanda de Mora y Aragón gifter seg 15. desember 1960 i Brussel.

**Før noen tiårs siden**

Dette motivet kunne vore henta mange stader på Sunnmøre i 1950- og 1960-åra. Bildet er frå Longva på Skuløya (Flemsøya), medan lokalbåten «Haram» er innom, truleg ein gong mot slutten av 1950-tallet.

Gutane på bruvingen, ein av dei med topplua heilt framme i panna, slik moten var, følgjer med medan kua vert heist om bord, kanskje innleiinga på den siste reis til slakteriet?

Om karane med hendene i lomma, ved inngangen til salongen, er øyafolk som har trekt i finstasen for å dra på bytur, eller om det er byfolk som skal vitje skyldfolk på øyane, veit vi ikkje. Men øyafolket var truleg ikkje så oppdressa som desse karane er, utan at dei skulle noko spesielt.

(Foto: Blame Skarbøvik)